

ÅRSMELDING OG REKNESKAP 2020



Foto: Jo Trygve Lyngved



**ÅRSMØTE I SKJÅK ALMENNING PÅ SKJÅK TURISTHEIM
TORSDAG 22. APRIL 2021 kl. 19.00**

Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av møteiar og sekretær
3. Val av 2 av dei frammøtte bruksberettiga til å skrive under protokollen
4. Årsmelding og rekneskap for 2020
5. Styret sine planar for det komande året
6. Fastsetjing av godtgjersle i 2021 for styremøte og andre møter, og fast godtgjersle til styreleiaren
7. Oppnemning av revisor og fastsetjing av godtgjersle for revisjonsarbeid
8. Val av 2 av 3 medlemmar til å Revisjons- og kontrollutval 2021-2023
9. Handsaming av evt. innkomne saker (må leverast skriftleg på almenningskontoret seinast 1 veke før årsmøtet)

Styret for Skjåk Almenning

*Skjåk Almenning - til det beste for jordbruket
og til glede for alle*

ÅRSMELDING 2020

1. STYRET OG VALKOMITE

Almenningsstyret

Kjell Egil Ramstad (styreleiar)	2020-2024	Arnstein Fjerdingsren	2018-2022
Mona H. Grimstad (nestleiar)	2020-2024	Vidar Vange	2018-2022
Kjell Aaboen	2020-2024	Ragnhild Løkken	2018-2022
Bjørnar K. Stenersen	2020-2024		

Vara for styret

Pål Eiesar	2020-2024	Liv Mona Johnsgard	2018-2022
Susanne R. Brenna	2020-2024	Roger Haugen	2018-2022
Ola Steinbakke	2020-2024	Rune Plassen	2018-2022
Else Mona S. Bøye	2020-2024		

Valkomite

Hans Sæther	2020-2022	Liv Oddrun Maurstad (vara)	2020-2022
Per Øyvind Ørjasæter	2020-2022	Tore Gjeilo (vara)	2020-2022
Siv Andersbakken	2020-2022		
Anita Tråstad	2020-2022		

Styremedlemmar og varamedlemmar er valde for 4 år om gongen. Funksjonstida for styreleiar og nestleiar er 2 år.



(Almenningsstyret etter valet 2020. Foto: Jo T. Lyngved)

Møter og synfaring

Det er halde 9 ordinære styremøte i 2020, der det til saman vart handsama 67 saker. Ulike spørsmål har vore gjennomgått i styremøte i løpet av året og styret/deler av styret har delteke på arbeidsmøter og synfaringar i samband med bruksrettsspørsmål. Styret og administrasjonen har i 2020, i samarbeid med Steg for Steg frå Lesja, arbeidd med og vedteke strategiplan frå og med 2021. Denne er å finne på heimesida til Skjåk Almanning.

Representasjon

Skjåk Trelast AS	Kjell Egil Ramstad (styreleiar)
Bygger'n Skjåk AS	Kjell Egil Ramstad (styreleiar)
Breheimen Nasjonalparkstyre	Jo Trygve Lyngved
Reinheimen - Breheimen Villreinutval	Jo Trygve Lyngved (styreleiar) og Kjell Egil Ramstad
Bruksrettsutval	Kjell Egil Ramstad, Vidar Vange og Ragnhild Løkken
Rådgjevande utval Reinheimen Nasjonalpark	Jo Trygve Lyngved
Rådgjevane utval Breheimen Nasjonalpark	Jo Trygve Lyngved
Skjåk Turløyper SA	Kristen Dagsgard
AS Vågåfisk	Kristen Dagsgard

Vedlikeholdsforeininga for Tundradalsvegen
Skjåk Biovarme AS
Ottadalen Massivtre AS

Kjell Olstad (styreleiar)
Jo Trygve Lyngved (styreleiar) og Kjell Egil Ramstad
Jo Trygve Lyngved (styreleiar)

Skjåk Almenning har sekretærfunksjonen for Norsk Almenningsforbund.

Revisjon

Ernst & Young AS. Revisjons- og kontrollutval: Egil Mork (2019-2021), Lars Petter Forberg (2019-2021) og Gudbrand Hyrve (2020-2022).

Tilsette

Almenningsstyrar
Utmarksrettleiar
Utmarksrettleiar - vikariat
Skogbruksleiar/naturopsyn
Kontormedarbeidar
Økonomileiar
Sekretær Norsk Almenningsforbund
Skogsarbeidar

Jo Trygve Lyngved
Birgit Bilstad (permisjon til 1 .september 2020)
Kristen Dagsgard (frå. 1.august 2019)
Kjell Olstad
Kari Elin Sperstad
Astrid Bjørnstad
Sæbjørn Forberg
Sylfest Forberg

Årsmøtet 2020

Årsmøte med val vart halde på Skjåk Turistheim 27. juni 2020. Det seine tidspunktet var grunna Covid-19 og restriksjonane rundt dette. Det møtte 18 bruksberettiga inkludert styret. Det vart avgjeve 31 godkjente stemmer.

1. BRUKSRETT

Almenningsstyret har også i 2020 arbeidd med ulike bruksrettsspørsmål. Våren 2020 vart det nedsett ei arbeidsgruppe som skulle gå gjennom av bruksreglane. Bruksreglane til Skjåk Almenning vart sist revidert i 2004, og det heiter seg at dei bør reviderast minst kvart 20. år. I prosessen har både eigarlag og bruksrettlag i Skjåk Almenning vore involvert med møtedeltaking og moglegheit for innspel. Forslag til nye bruksreglar vart vedteke i sak 2020/47 og kunngjort i lokalavis og heimeside, samt lagt ut for gjennomsyn i resepsjonen til Skjåk Almenning. Forslaget vart samstundes sendt ut til alle med bruksrett pr. brev/ e-post for gjennomsyn. Innan fristen på 4 veker kom det eitt innspel. Etter at styret handsama dette innspelet vart bruksreglane vedteke og sendt til Landbruks- og matdepartementet for godkjenning. Det har ikkje kome noko attendemelding frå LMD ved årets slutt.



(Fint møte med mjølkegeit i Røykjeskålslia. Foto: Kristen Dagsgard)

Eitt bruk har fått pålegg om å leggje fram plan og tidsfrist på 2 år til å setja i stand gardsbruket slik at det har karakter av jordbruksmessig drift. På eitt gardsbruk har styret gjort vedtak om at bruksretten fell burt etter at garden vart oppdelt og seld i tun, jord og skog. Det har vore synfaring og kontroll av 3 bruksberettiga som har motteke bruksrettsytingar frå almenninga, ingen merknader vart gjeve. Styret har handsama og godkjent utviding av eitt kulturbeite på Billingen, samt at styret har handsama søknad om sal av seter på Brandsarøygard.

I 2020 vart det sleppt 3.455 (3.773) sau og lam, 785 (750) storfe og 495 (485) geit på utmarksbeite Skjåk Almenning. Tapet utgjorde 242 (237) for sau, 0 (0) for storfe og 0 (0) for geit (tal i parantes er frå 2019). Det er for tida god satsing i landbruket i Skjåk, der 3 nye mjølkefjøs med robot nyleg er sett i drift og eitt er under oppføring. Det er vidare søkt om offentleg stønad til å sette opp nye/påbygg av 2 geitfjøs og 4 kufjøs i 2021.

Landbrukskontoret driv framleis prosjektet "Laus ku og framtidstru", om noko avgrensa grunna korona. Dette er eit prosjekt som skal hjelpe gardbrukarane med å tilpasse seg lausdriftskravet som kjem i 2034 (2024 for øko). Det er pr. dags dato 50 gardsbruk i Lom og Skjåk som er med i prosjektet.

I ordninga med tilskot til utmarksgjerde er det utbetalt tilskot for gjerde på tilsaman kr. 71.900 (3.595 løpemeter). Samla ytingar til bruks- og eigedomsberettiga var i 2020 på kr. 1.977.191. I tillegg kjem verdien av utmarksbeite som er stipulert til godt over kr. 3.000.000 (tal frå landbrukskontoret).

2. SKOGEN

Skjåk Almenning er medlem av Glommen Mjøsen Skogs FSC® gruppe-ordning (FSC-C103851) og skogforvaltningen på eigdommen skjer i tråd med FSC Prinsipper og Kriterier. Glommen Mjøsen Skog er sertifisert gjennom Soil Association Certification Ltd. I tillegg er Skjåk Almenning medlem av Glommen Mjøsen Skogs PEFC sertifikat, og følgjer Norsk PEFC Skogstandard.

Almenninga har eigen skogbruksplan og forvaltningsplan. Planane inkluderer kartlegging og omtale av miljø- og kulturminne og fleirbruksomsyn, og blir revidert regelmessig. Siste skogtakst frå 2015 viser eit produktivt skogsareal på 82.051 daa, der 1.718 daa utgjer nøkkelbiotopar. I tillegg er om lag 54.000 daa skogsareal verna gjennom naturvernlova og naturmangfaldlova. Sistnemnte er Reinheimen- og Breheimen Nasjonalparkar med tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat. Årleg tilvekst på det produktive arealet i hogstklasse 3,4 og 5 er 15.098 m³, medan årleg hogstkvantum ligg på om lag 11.000 m³. Hogstkvantumet er fordelt mellom kabelkranterreng og hogstmaskinterreng. Furu blir forynga ved planting eller naturleg forynging. Suppleringsplanting skjer der det er nødvendig og tilstanden til skogen blir vurdert som stabil og tilfredsstillande.




(Tømmerdrift i Bråtå. Foto: Kristen Dagsgard)

Ved gjennomføring av skogbrukstiltak blir det gjort før- og ettervurderingar. I dette ligg gjennomgang av aktuelle databaser for miljø og kulturminne. Biologisk rådgjevar er brukt der det er aktuelt med avklaring av enkelte artsfunn og naturtypeområder. Det er ikkje avdekt skader eller andre utilsikta forstyringar på verneområde eller nøkkelbiotopar. Almenninga har heller

ikkje kjennskap til uhell eller avvik knytt til andre kjente miljøverdier siste år. Almenninga har aktivitet knytt opp mot fritidsaktivitetar og friluftsliv, og har gjennom representasjon og møter dialog med aktuelle brukargrupper. Skogsbilvegane er i hovudsak opne gjennom den snøfrie delen av året.

Hogst

Innmålt kvantum i 2020 var 8.572 m³, der furu utgjer 98 % og bjørk 2 %. Av volumet var 61 % sagtømmer, medan resten var slip og anna vrykje. Av totalvolumet kjem 1.460 m³ av tynningshogst gjennomført i 2019. Snittprisen på skurtømmer og slip var høvesvis 491 kr/m³ (461) og 276 kr/m³ (294). Sagtømmeret gjekk til Skjåk Trelast AS (72 %) og Moelven (28%), medan slipkvantumet vart levert til Skjåk Trelast AS (79 %), Stora Enso i Sverige (17 %) og bjørk til andre kjøparar (4%).



(Innmålt hogstkvantum 2010-2020, fordelt på slip og skurtømmer. Det høge volumet i 2012 er etter stormen Dagmar.)

Skogkultur

Planting er utført på 179 daa (nyplanting), der det er planta 40.580 planter av A7 Skjåkproveniensen. Kostnaden er 5,2 kr/plante (5,5). Det er utført ungsogpleie på 690 daa (654), med ein kostnad på 462 kr/daa (464) og forhåndsrydding på 255 daa. Det er ikkje utført markberedning, gjødsling eller bruk av kjemiske- eller biologiske midlar. Kostnader er før eventuelle tilskot.

Veganlegg

I 2020 har det ikkje vore noko større vegprosjekt utanom vanleg vedlikehald sommar og vinter. Det er bygd nokre standplassar for kabelkrandrift, samt utbetra nokre vegskadar attpå stor vassføring våren 2020.

Naturskade

Dette året er det ikkje registrert store naturskader på skog/skogsvegar av noko slag, men det har vore registrert frostskeider på granskot i Pøyllen og furuskot i Bråtå baksida. Dette kom etter frost i månadsskiftet juni/juli.

3. UTMARK

Storvilt

2020 var det tredje og siste året av bestandsplan for elg, hjort og rådyr. Det har vore stort fokus på hjorteviltstamma i Skjåk dei seinare åra. Bestanden av elg og hjort i Skjåk har vore for stor. Ein lyt innsjå at bestandane har auka tross ei planlagt avskyting som skulle tilseie reduksjon. I førre

bestandsplanperiode (2015-2017) som vart godkjent av Skjåk kommune var det eit uttrykt mål om å redusere bestandane til eit akseptabelt nivå. I nemnte bestandsplanperiode vart det felt 98,6 % av tildelt hjort (281 av 285), og 95,2 % av tildelt elg (257 av 270).

	Elg	Hjort	Villrein	Rådyr
Kvote	93 (85)	75 (70)	360 (443)	46 (40)
Felt	99 (93)	72 (43)	246 (343)	18 (11)
Fellingsprosent	106 (110)	96 (61)	68 (77)	39 (28)
Kg. kjøtt	11.499 (11.600)	3.923 (2.750)	Ca. 10.135 (13.500) stipulert	270 (165) stipulert

(Nøkkeltal frå storviltjakta i Skjåk Almenning 2020. Tal frå 2019 i parentes.)

I bestandsplanen for 2018-2020 vart det lagt opp til eit endå større uttak, der konkrete tiltak vart gjort for å få ut fleire dyr (utvida jakttid, innmarkskvote på elg, store tilleggskvoter og ytterlegare redusert pris på tilleggsdyr/ dyr felt på innmark i 2020). Med bakgrunn i skader på innmark, sette Skjåk



(Reinsjakt i Breheimen sør-vest. Foto Jo T. Lyngved).


kommune i gang med skadefellingsløyve der det vart teke ut hjort og elg på innmark før jakttida.

God innsats frå jegerane gjorde at det i 2020 vart sett ny fellingsrekord på både hjort og elg i Skjåk Almenning, med 99 felte elg og 72 felte hjort under ordinær jakt. Det vart søkt kommunen om ekstra fellingsløyve på hjort, og opna for sal av enkelkort på hjort i desember med positive attendemeldingar. Totalt vart det felt rekordmange 133 elg og 182 hjort i heile Skjåk kommune.

Slaktevektar og produktivitet på hjort har halde seg stabilt siste 15 år, men lite tydar på at storleiken i stamma er på tur nedover mot målet som vart sett i bestandsplanperioden som nå er avslutta. I høve elgen ser ein nedgåande trend på både slaktevektar og produktivitet, noko som kan tyde på at stamma har vore for høg over lengre tid. Med bakgrunn i «sett elg» og teljingar meiner ein at elgbestanden er på tur nedover mot bestandsmålet, men ein ynskjer ei ytterlegare reduksjon av både elg og særleg hjort i komande bestandsplanperiode.

Villreinjakta 2020 gjekk føre seg med normal god jaktutøving, men noko låg fellingsprosent. Gjennomsnittleg fellingsprosent i perioden 1967-2020 for heile Reinheimen-Breheimen villreinområde er på 73,4 %, medan den i 2020 ende på 63,9 % For Skjåk Almenning sin del endte fellingsprosenten på 68,3 % med slik fordeling: Reinheimen 62,6 %, Breheimen sør-aust 71,8 % og Breheimen sør-vest 76,9 %. Med funn av villrein på nordsida av RV-15 i området Breidalseggi/Hamsedalen dei to siste vintrane, kan dette tyde på at villreinstammen på sør-vest har teke opp att bruken av det gamle nord-vest området. Det blir spanande å følgje denne utviklinga vidare. Også jakthusten 2020 vart det i heile villreinområdet teke prøver av CWD for felte vaksne dyr (297 stk.) – heldigvis var alle prøvene negative. I motsetning til 2018 og 2019 var det tilnærma ingen observasjonar av halte dyr (fotråte) i Reinheimen. Oppsynstenesta i området blir organisert og koordinert av Reinheimen-Breheimen villreinutval, som også står for den praktiske forvaltninga av


vårt villreinområde. Kalvevektene viser nedgåande trend. Villreinutvalet skal i løpet av våren 2021 utarbeide ny bestandsplan, der bestandstorleik på dei ulike områdene mest sannsynleg vil bli noko redusert.



(Totalkvote, felte dyr og fellingsprosent for villrein i Skjåk Almanning 2000-2020. Tala i overkant av søyla er kvote det enkelte år.)

Fiske

Fiskesesongen 2020 kom seint, men godt. Med ein kald mai og rekordmykje snø i enkelte område tok det lang tid før ein del område vart tilgjengelege. Til dømes var Torsvatnet isfritt rundt 10. august. Til samanlikning vart det isfritt i byrjinga av juni i 2018. Likevel vart det gode fiskeforhold i dei fleste område frå august og ut sesongen. Inntrykket er at mange hadde gode opplevingar med fiske i 2020, og vi tok imot rapportar om gode fangstar og fisk i godt hald frå fleire vatn.




(Sal av fiskekort 2008 – 2020)

I alt vart det sett ut 2.100 aure i 2020, der 700 stk. to-årig fisk vart sett om vinteren i Leirungsvatnet og Utletjønne. 1.400 stk. to-somrige vart bore ut av Skjåk Almanning og friviljuge i 23 ulike vatn og tjern i løpet av august. Slike kultiveringstiltak i mindre tjern og vatn er særskilt viktige for å oppretthalde eit

variert og attraktivt fisketilbod i Skjåk Almenning. Alle som ber ut fisk får tildelt fritt fiskekort sesongen etter.

I juni vart det sett i gong eit arbeid på Aursjoen for å utbetre båtlandet austafør Søre Hyrvevikje. Problemet er mykje grov stein. Dette arbeidet har vore planlagt i fleire år, og ulike løysingar har vore diskuterte. I samråd med Skjåk kommune, GLB og entreprenør har vi avgjort at det blir bygd ein molo utover frå vasskanten. Arbeidet stoppa på grunn av rekordrask fylling av Aursjoen. Arbeidet blir slutført i 2021.



(Utvikling i sal av kategoriar fiskekort til utanbygds 2010-2020.)

Småvilt

Skjåk Almenning har målsetjing om å stimulere til uttak av predatorar for å sikre gode bestandar av anna matvilt. Fyrst og fremst er det ynskt uttak av smårovvilt i høgare strøk med tanke på rype- og skogsfuglbestanden. Rovviltkampanjen held fram i 2020/2021 som eit samarbeid mellom Skjåk Almenning og Skjåk Jeger og Fiskarlag. I denne kampanjen er det sett av premiering på kr. 10.000, i tillegg kjem eit gåvekort på kr. 2.000 frå Vest Norsk Trofè-montasje. Den som fangar eller skyt raudrev blir også prioritert fyrst i tildeling av rådyrkort i Skjåk Almenning.

For jaktåret 2019/20 (jakt på rev varar til 15/4), vart det betalt ut skotpremie for 69 raudrevar, mot 81 i 2018/19. Skotpremien på kr. 500 er framleis eit samarbeid mellom Skjåk Almenning, Skjåk Utmarksråd og Skjåk Beite- og Sankelag. I tillegg vart det innrapportert felling og fangst av 9 mår, 4 mink/røyskatt, 74 korp og 46 kråkefuglar. For sesongen 2020/2021 har Skjåk Almenning innført skotpremie på kr. 200 for mår.

Takseringane av rype vart som vanleg utført av lokale fuglehundekvipasjar i august, men vart usett på grunn av svært dårlege tilhøve med høg varme og tørt klima. 5 områder i Skjåk Almenning og 20,4 km linjer vart likevel taksert. Resultatet viste ein moderat årsproduksjon: gjennomsnittleg 6,2 fuglar pr. km med takseringsline og 3 kyllingar pr. par. Også i år var det ei uheldig kuldeperiode rundt St. Hans, men i enkelte område klarde likevel kyllingane seg godt. Jegerane rapporterte om bra med fugl i enkelte område. Dette la grunnlaget for å halde fram med strenge restriksjonar i jakta. Dagskvota vart sett til 2 fuglar pr. jeger pr. dag, derav maks 1 lirype og totalt 6 ryper pr. sesong/kort. I tillegg vart det eit avgrensa kortsal til utanbygdes også i 2020. Etter 30. september vart det ikkje seld rypejakt til utanbygdes jegerar. Kortsal for innanbygds heldt fram til jaktslutt ut februar 2021.

For jaktåret 2020/2021 vart det seld 70 småviltkort og 17 smårovviltkort til innanbygdsbuande. Rypejakta for innanbygds utgjorde 189 jegerdagsverk og felling av 64 ryper (0,34 rype pr. jegerdagsverk).

Til andre vart det seld 105 enkeltkort og 23 jaktpakker, samt 6 småroviltkort, 35 harejaktkort og 22 kort for fuglehundtrening. Rypejakta for utanbygdes utgjorde totalt 507 jegerdagsverk og resulterte i 278 felte rype (0,54 rype pr. jegerdagsverk).

Jakt-år	Antal jegerar	Jegerar som har rapportert	Rapporterte jakt dagar	Felte lirype	Felte fjellrype	Felt rype per jegerdagsverk
2016/17	344	81 %	635	211	172	0,6
2017/18	372	62 %	632	204	173	0,6
2018/19	212	74 %	399	182	139	0,8
2019/20	184	91 %	497	141	98	0,4
2020/21	238	94 %	696	218	124	0,5

(Nøkkeltal rypejakta dei siste fem jakt sesongane – tal for både innanbygds og utanbygdes).

Opplæring og rekrutteringstiltak for jakt og fiske

Skjåk Almanning var med som bidragsytar for jegerprøvekurset også i 2020. Dette bidraget er med på å gjere kurset gratis (med unntak av avgift for skyting) for deltakarar under 20 år. Ordninga har vore slik i mange år og blir vidareført i 2021. I februar organiserte almenninga jakttur med fokus på rype for elevane med valfaget natur, miljø og friluftsliv ved Skjåk Barne- og Ungdomsskule. Den same elevgruppa var også med på opplæring i skjæring av elgkjøtt i oktober.


I slutten av august inviterte vi 7. klasse ved Skjåk Barne- og Ungdomsskule med på garnfiske på Liavatnet. Elevane overnatta i lavvoar på Brennsetra og fekk oppvarting med grilling og frukost. Omlag 20 garn vart sett om kvelden og det heile vart eit sær vellykka arrangement. Forhåpentlegvis er det slike stimuli som rekrutterer dei unge til å drive aktiv fiske i framtida. Arrangementet fekk økonomisk stønad av det kommunale fondet for vilt- og fisketiltak. I byrjinga av september var vi også med 10. klasse i «Forske på fjell» med garnfiske i Grotlivatnet.

Grunna dårleg påmelding vart Familiefiskehelg og opplæringsjakt på villrein ikkje gjennomført i 2020.

Hytter/feste

Med utbrotet av Covid-19 hadde ein forventa færre utleigedøgn enn tidlegare år. Slik vart det ikkje, og antal utleigedøgn nådde eit rekordnivå i 2020 (sjå figur under). Som tiltak mot evt. spreining av korona var hyttene delvis stengd gjennom sesongen, samt at utleigehyttene ikkje sto opne i reinsjakta.

I Billingen hyttegrend er det ikkje bygsla burt nye tomter tomt i 2020, medan det i hyttefeltet ved Liavatnet er bygsla burt 1 ny tomt. Skjåk Almanning kjøpte hausten 2020 ei fiskebu ved Torsvatnet som var lyst ut for sal på den frie marknaden.



(Utvikling utleigedøgn hytter/buer 2010-2020.)


4. ØKONOMI

Rekneskap

Det samla driftsresultatet i 2020 kom på kr. 3.932.495, der årsresultat etter finans og skatt kom på kr. 5.372.345. Før koronautbrotet realiserte Skjåk Almenning i februar 2020 innestående aksjefond, og fekk såleis ein god gevinst. Dette styrker årsresultatet i positiv retning, samstundes som mindre kulturtiltak og vegbygging gjorde sitt til at skogavdelinga hadde eit godt bidrag til årsresultatet.

Almenningsstyret meiner at framlagt årsrekneskap for 2020, saman med styret si årsmelding, gjev eit rettvisande bilete av årsresultatet og den finansielle stillinga til Skjåk Almenning ved utgangen av året. Det er grunnlag for vidare drift og årsrekneskapen for 2020 er sett opp under denne føresetnaden.

Figuren nedanfor viser bidraget gjennom kontantutbyte, bruksrettsrabatt og kvantumsrabatt til dei eigedoms- og bruksbrettiga i Skjåk Almenning dei siste 10 åra. Utviklinga viser ein positiv trend, og i 2020 utgjorde ytingane kr. 1.977.191.



(Bruksrettsytingar og antal bruk med røysterett i Skjåk Almenning 2010-2020).

Industrielt eigarskap

Skjåk Trelast AS med Bygger'n Skjåk AS:

I løpet av våren 2020 vart den nye høvelen til Skjåk Trelast AS teke i bruk. Dette var ei etterlengta oppgradering da den førre høvelen var frå 1967. Høvleriet vart samstundes konvertert til vassbåren varme og har sidan vore oppvarma med eigenprodusert flis. Sagbruket har opplevd stor etterspørsel og auka sal i 2020, der koronapandemien har gjort at byggeaktiviteten har vore høg.

Ved årsslutt 2020 har Skjåk Trelast AS langsiktig lån frå Skjåk Almenning på totalt kr. 5.842.500 og kortsiktig gjeld på kr. 2.223.783. I tillegg kjem aksjekapital på kr. 9.103.160. Årsresultatet for Skjåk Trelast AS var i 2020 på kr. 27.455. Utviklinga går rett veg og det er tredje året på rad med overskot ved sagbruket. Det blir arbeidd målretta og strukturert for å oppretthalde denne trenden.

For Bygger'n Skjåk AS var 2020 nok eit godt år der årsresultatet kom på kr. 1.028.758.

Skjåk Biovarme AS

Siste rest av anleggsfasen til fjernvarmeanlegget vart avslutta i løpet av 2020. Etter fyrste heile driftsår teiknar anlegget godt med tanke på funksjon, kapasitet og leveranse. Samla anleggskostnad kom på MNOK 14,3, mot eit budsjett på MNOK 15. I anleggsfasen vart 60 % av leveransane handla lokalt, og i driftsfasen framover vil så mykje som 95 % av varer/tenester koma frå lokale leverandørar. I 2020 leverte selskapet 2,2 gWh og hadde ei omsetning på kr. 1.715.251, der årsresultatet kom på kr. 172.260. Forbruket av flis i 2020 var 3.840 m³, der 100 % kjem frå Skjåk Trelast AS.

Ottadalen Massivtre AS

Skjåk Almenning er ein av 4 eigarar i selskapet i lag med SEBB AS, Langmorkje Almenning og Brun Bygg AS. I 2020 har det vore noko utviklingsarbeid og uttesting av krysslimde treplater, men året vart redusert da innleigde prosjektleiarar måtte attende i sine respektive stillingar pga. korona. Styret i OMT AS har arbeidd aktivt med å investere i produksjonsutstyr og har vore inne i ein kjøpeprosess med Nordisk Massivtre AS på Kongsvinger. Dette er ikkje avklara ved årsskiftet. Skjåk Almenning har gjort vedtak om å evt. utvide aksjekapitalen inntil kr. 1.350.000 i selskapet. Det vart eit lite underskot på kr. 25.586 som årsresultat i 2020.

Som ein del av sitt samfunnsansvar ynskjer Skjåk Almenning å vera med på utvikling i lokalsamfunnet. Industriengasjementa til almenninga er krevjande. Engasjement og deltaking i lokal næringsutvikling medfører nødvendigvis ein viss risiko for Skjåk Almenning.

Diverse

I 2020 vart avkastning av fond brukt slik (sjå eigen tabell i notane):

Erstatningsfond Øvre Otta

- Kr. 70.000,- til ungsogpleie.

Skjåk Almennings Utviklingsfond

- Kr. 100.000,- i tilskot til Skjåk Turløyper for sesongen 2020/2021.

Skjåk Almenning har i 2020 leigd ut arbeidskraft til SNO 158 t (147), Skjåk Trelast AS 205 t (197), Byggern'n Skjåk AS 221 t (213), Norsk Almenningsforbund 251 t (437), Skjåk Biovarme AS 188 t (629), Ottadalen Massivtre AS 51 t (36) og andre 33,5 t.

Sotvegen

Skjåk kommune har i løpet av året 2020 avvikla Sotvegen (Tuva-Sota sæter) som kommunal bomveg. Dei private partane (Skjåk Almenning, DNT, hytteeigar og setereigarar) har overfor Skjåk kommune etterlyst ei skikkeleg opprusting av vegen i samband med nedklassifiseringa, samt avklaring og lovnad om midler til ny Dyringsbru. Haustflaumen 2018 reiste med brua, og vegeigar Skjåk kommune etablerte ei midlertidig løysing, ei bru som ikkje er vassdragsteknisk godkjent av NVE.

Å gje frå seg ansvaret for ein veg med stort vedlikehaldsetterlep og utan godkjent bru er etter Skjåk Almenning sitt syn uansvarleg og ufint. Skjåk kommune må i alle fall vera ansvarlege for å føre opp att ny og permanent bru, eit ansvar kommuna ikkje kan og bør velte over på andre. Med nesten 200 interessepartar i vegen tok almenningsstyret i august 2020 initiativ til ei bruksordning av vegen med andelsfordeling og vedtekter. Det er jordskifteretten som kjører denne prosessen, og slik sett blir det ein rettferdig og endeleg avgjerd for drifta av Sotvegen framover.

5. ANDRE OPPLYSNINGAR

Arbeidsmiljø

I medhald av gjeldande lover og forskrifter fører verksemda oversyn over totalt sjukefråvær. I 2020 var sjukefråværet på 0,34 % av mogleg arbeidstid, mot 2,66 % året før. Skjåk Almenning er medlem i Frisk HMS AS.

Pr. 31.12.2020 er tre av åtte tilsette kvinner. I almenningsstyret er 2 av 7 medlemmar kvinner. Personalpolitikken vert rekna som kjønnsnøytral på alle område.

Ytre miljø

Skjåk Almenning er medlem av Mjøsen Skogs FSC® gruppe-ordning (FSC-C103851) og Mjøsen Skogs PEFC gruppe-ordning, og følgjer Norsk PEFC Skogstandard. Nøkkelpotopane blir overvåka av almenninga sjølv, samt at det blir gjennomført stikkprøvebaserte kontroller i regi av sertifikathaldar. Det ikkje avdekka skader eller andre utilsikta forstyrringar i verneområde eller nøkkelpotopar i 2020. Almenninga har heller ikkje kjennskap til uhell eller avvik knytt til andre kjente miljøverdier siste år.

Verksemda i almenninga fører ikkje med seg forureining av det ytre miljøet meir enn det som fylgjer av den vanlege skogsdrifta, med utslepp til luft frå skogsmaskiner og motorsager. Det vert nytta miljøbensin til motorsagene.

Skjåk Almenning og koronapandemien

Almenninga har vorte mindre råka enn det ein fyrst hadde forventa ved nedstenginga i mars, der ein frykta lågare aktivitet med sal av varer og tenester. Fyrst og fremst har pandemien ført til auka usikkerheit rundt drift, ikkje berre i Skjåk Almenning, men også i tilknytte selskap. Heldigvis har pandemien berre råka i mindre omfang, og ein har vurdert situasjonen slik at det ikkje har vore nødvendig å søkje på eventuelle kompensasjonsordningar. På arbeidsplassen/administrasjonsbygget har det vore gjort tiltak for å avgrense smittespreiing i tråd med tilrådingar frå sentrale mynde. Ingen tilsette har vore smitta og ingen har vorte permitterte pga. pandemien.

6. UTSIKTENE FRAMOVER

Dei seinare åra har almenningsdrifta vorte utvida med Skjåk Biovarme AS og Ottadalen Massivtre AS. Det er fleire årsaker til dette, men fyrst og fremst er formålet å skape aktivitet og ta ein større del av verdiskapinga i treindustrien sjølv. Drifta er endra mykje dei siste 10 år, og dagens almenning er meir samansett og kompleks. Slik sett er ikkje berre Skjåk Almenning er ein stor og samansett eigedom der fleire grupper har ulike interesser, men engasjement i ulike næringsverksemd gjer drifta krevjande og set store krav til styret og dei tilsette.

Sjølv om 2020 vart eit spesielt år med tanke på korona har drifta meir eller mindre gått som normalt. Fleire større prosjekt er ferdigstilt, der det kan nemnast utbygginga til Skjåk Biovarme AS, konvertering til vassbåren varme og rehabilitering av høvleriet og strategiplan. Utviklinga held fram også i 2021, og fleire investeringar står for tur framover. Investeringar gjeld ikkje berre i Skjåk Almenning, men også i tilknytte selskap. Året 2021 blir nok eit aktivt år for Skjåk Almenning. Med ny strategiplan frå 2020 er kursen lagt for dei komande åra, og organisasjonen har eit godt reidskap for å styre mot dei måla styret har sett for bedrifta.

Pandemien utgjer ein usikkerheitsfaktor også i 2021. Styret har vurdert kva for virkning Covid-19 kan ventast å medføre for almenninga. Skjåk Almenning har ein solid eigenkapital og god likviditet, og pr. dato for avlegging av årsrekneskapen har koronautbrotet kun påverka almenninga i mindre grad. Administrasjonen og styret fylgjer tett opp om utviklinga og set i verk nødvendige tiltak om dette er naudsynt. Det er styret si oppfatning at Covid-19 ikkje har påverka almenninga si evne til framleis drift.

Styret vil rette ein stor takk til dei tilsette, eigarar- og bruksberettiga, tillitsvalde og samarbeidspartnarar gjennom eit spesielt år i 2020.



(Bilete frå Framruthovden mot Tundradalskyrkja og Tverrådalsskyrkja., Foto: Jo T. Lyngved)

Bismo, 31. desember 2020
24. mars 2021

Kjell Egil Ramstad

Kjell Egil Ramstad
(Styreleiar)

I styret for Skjåk Almenning

Kjell Aaboen

Kjell Aaboen

Bjørnar K. Stenersen

Bjørnar K. Stenersen

Mona Haugen Grimstad

Mona Haugen Grimstad
(Nestleiar)

Ragnhild Løkken

Ragnhild Løkken

Arnstein Fjerdingsren

Arnstein Fjerdingsren

Vidar Vange

Vidar Vange

Jo Trygve Lyngved

Jo Trygve Lyngved
(Almenningsstyrar)

SKJÅK ALMENNING

RESULTATREGNSKAP

	Note	2020	2019
		(hele kr)	(hele kr)
DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER			
DRIFTSINNTEKTER			
Salgsinntekter	12	16 343 227	17 409 267
Brukt skogavgift vedr. drift	7	921 290	1 674 082
Andre driftsinntekter		514 246	536 999
SUM DRIFTSINNTEKTER		17 778 763	19 620 348
DRIFTSKOSTNADER			
Forbruk av varer og tjenester	12	4 895 504	5 797 618
Lønnskostnader	2,12	3 434 741	3 514 834
Ordinære avskrivinger	3,12	547 004	472 429
Skogavgift	7	528 000	984 000
Andre kostnader	2,12	4 441 017	4 645 169
SUM DRIFTSKOSTNADER		13 846 266	15 414 050
DRIFTSRESULTAT	12	3 932 495	4 206 295
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Aksjeutbytte		27 713	31 608
Renteinntekter ansvarlig lån datterselskap	8	117 910	66 453
Andre renteinntekter		805 642	765 189
Andre finanskostnader		-11 901	-10 041
Tap salg aksjer		-6 748	
Gevinst salg aksjefond		981 768	0
NETTO FINANSINNTEKTER		1 914 384	853 209
ORDINÆRT RESULTAT FØR SKATTEKOSTNAD		5 846 879	5 059 504
Skattekostnad på ordinært resultat	1	474 534	237 000
ÅRETS RESULTAT		5 372 345	4 822 504
DISPONERING AV ÅRETS RESULTAT			
Ytinger:			
Bruksrettrabatter	9	702 683	669 154
Kontantutbytte	9	702 683	669 154
Kvantumsrabatter	1	571 825	544 832
Sum ytinger		1 977 191	1 883 139
Andre disponeringer			
Overført erstatningsfond Øvre Otta	10	73 386	67 625
Overført utviklingsfond	10	108 806	101 544
Overført verneområdeerstatning	10	15 448	17 391
Overført fri egenkapital	13	3 197 514	2 752 805
SUM		5 372 345	4 822 504

BALANSE

EIENDELER

	Note	2020	2019
		(hele kr)	(hele kr)
ANLEGGSMIDLER			
Innkjøpt grunn		126 999	126 999
Bygninger	3	4 173 242	4 145 451
Opparbeidingskostnader hyttefelt L		397 600	447 300
Opparbeidingskostnader hyttefelt B		2 923 723	2 923 723
Maskiner, inventar og transportmidler	3	670 300	200 200
Aksjer, aksjefond og andeler	4,8	13 325 660	16 026 408
Ansvarlig lån til datterselskaper	8	5 482 500	5 850 000
SUM ANLEGGSMIDLER		27 100 024	29 720 081
OMLØPSMIDLER			
Hytte Billingen Hyttefelt		0	0
Kundefordringer	5,8	1 824 524	2 214 517
Andre kortsiktige fordringer		2 323 915	3 250 195
Bankinnskudd	6,1	37 965 401	31 165 825
Bankinnskudd bundne fond	10	10 241 540	10 059 347
Kasse		10 060	8 570
SUM OMLØPSMIDLER		52 365 440	46 698 454
SUM EIENDELER		79 465 464	76 418 534

BALANSE

EGENKAPITAL OG GJELD

	Note	2020	2019
		(hele kr)	(hele kr)
EGENKAPITAL			
Bunden egenkapital			
Andelskapital	11	233 600	233 600
Erstatningsfond Øvre Otta	10	4 055 229	4 051 843
Utviklingsfond	10	6 016 310	6 007 504
Skogavgiftskonto	7	-65	-101
Sum bunden egenkapital		10 305 074	10 292 846
Fri egenkapital			
Verneområdeerstatning	10	18 300 232	18 284 784
Fri egenkapital	13	44 235 204	41 312 401
Årets resultat	13	3 197 514	2 752 804
Sum fri egenkapital		65 732 950	62 349 989
SUM EGENKAPITAL		76 038 024	72 642 835
KORTSIKTIG GJELD			
Leverandørgjeld	8	691 881	1 560 114
Skyldig skattetrekk	6	204 423	148 610
Skyldig feriepenge inkl. arbeidsgiveravgift		362 891	350 328
Skyldig arbeidsgiveravgift		44 042	36 425
Skyldig merverdiavgift		206 918	0
Påløpt ikke utlignet skatt	1	474 263	237 000
Avsatt til kontantutbytte	9	702 681	669 154
Annen kortsiktig gjeld		740 341	774 069
SUM GJELD		3 427 440	3 775 700
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		79 465 464	76 418 535

Bismo, den 31. desember 2020

24. mars 2021

I styret for Skjåk Almanning


Kjell Egn Ramstad Styreleder


Vidar Vange


Kjell Aaboen


Mona Haugen Grimstad Nestleder


Arnstein Fjerdingsren


Bjørnar Knutsødegård Stenersen


Ragnhild Løkken


Astrid Bjørnstad
Økonomileder


Jo Trygve Lyngved
Almenningsbestyrer

NOTER TIL REGNSKAPET FOR 2020

Note 1: Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med god regnskapsskikk for små foretak. Inntektsføring ved salg av varer skjer på leveringstidspunktet. Tjenester inntektsføres etter hvert som de leveres.

